

Ein liten gest



Til skuleleiinga

Takk for at de på denne måten set av tid til arbeidet for å fremje mangfald og inkludering, og arbeider aktivt for å skape trygge og gode læringsmiljø for ungdommane. Målsetjinga med arbeidet er å utvikle haldningar som verdset og respekterer mangfaldet i samfunnet, at vi er forskjellige og likeverdige. Elevane skal også øve på å reflektere over korleis dei kan bidra til eit inkluderande læringsmiljø.

Hovudfokuset i filmen er betydninga av små, men viktige, handlingar i det daglege som gjer dagen betre for andre. Det handlar også om krafta i det å vere positive rollemodellar for kvarandre. Vi vil med refleksjonsspørsmåla og nokre forslag til aktivitetar leggje til rette for at elevane tenkjer gjennom korleis dei kan vere i møte med andre menneskje. Slik kan vi saman bidra til toleranse for mangfald og eit inkluderande miljø. Dette arbeidet kan de sjå i samanheng med arbeidet med trygge og gode skulemiljø, der elevane støtter, hjelper og tek vare på kvarandre (jf. Opplæringslova, 2023, kap. 12). Dette er også eit opplegg ein kan tilpasse til bruk i foreldresamarbeidet. Det kan t.d. nyttast på foreldremøte eller liknande.

Rektor og andre i skuleleiinga har ei viktig rolle i dette arbeidet med å fremje mangfald og inkludering i skulen. Det er også sentralt at de legitimerer det haldningsskapande arbeidet som filmen «Ein liten gest» inneber, og at de legg til rette for at lærarane får tid til å førebu undervisninga og til å gjennomføre opplæringa



i klassene. Vi vil oppmode dykk til å setje av tid i profesjonsfellesskapet, anten i samla personalgruppe eller i team, slik til lærarane er godt budde til å arbeide vidare med elevane. Vi føreslår to aktivitetar til arbeid i profesjonsfellesskapet:

1. Å drøfte kva mangfald og inkludering betyr på dykkar skule
2. At dei tilsette vert kjend med filmen og kan dele idear til korleis bruke den i undervisninga

1. Mangfald og inkludering

Mangfald viser til at vi alle er ulike. I ei skuleklasse er det ofte elevar som har ulike kulturbakgrunn, dei kan ha forskjellige morsmål og det kan vere stor funksjonsvariasjon. Også ulike familiebakgrunn, ulike interesser og læreføresetnader gjer elevgruppa mangfaldig. Når vi fremjar mangfald i skulen, handlar det om å jobbe for å skape eit skulemiljø som verdset ulikskap. Vi vil oppfordre til at de drøftar kva innhald de legg i mangfald og inkludering. Bruk gjerne dei samtalekorta som er utforma til elevane også i profesjonsfellesskapet, eller bruk spørsmåla under.

Framlegg til spørsmål for refleksjon i profesjonsfellesskapet

- Kva betyr mangfald og inkludering ved dykkar skule?
- Kva fungerer godt hos dykk, og kva vil de halde fram å gjere for å verdsetje mangfald og bidra til inkluderande fellesskap?
- Kva kan truge mangfald og ein inkluderande praksis?
- Kva kan forbeistrast hos dykk?

2. Arbeid med filmen «Ein liten gest»

Det er fint om lærarar og andre tilsette vert kjende med innhaldet i filmen, og aller helst at dei også kan få tid til å førebu og dele korleis filmene kan brukast i klassene. Denne lærarrettleiinga er meint å vere til hjelp i førebuing og gjennomføring av undervisningssekvensane. Det er likevel dei enkelte lærarane som kjenner elevgruppene best, så vi vil oppfordre til at dei kan tilpasse arbeidsmåtane til elevgruppa.



Til læraren

Det viktigaste arbeidet for å bidra til å verdsetje mangfald og inkludere alle elevar, er det de gjer i møte med elevane i det daglege. De modellerer for elevane når de viser at de respekterer og inkluderer alle elevar. Det er viktig å etablere tydelege forventningar om at alle i klassa er greie med kvarandre og at dei kan samarbeide på tvers av etablerte vennegrupper. Å fokusere på mangfald og integrering i arbeidet med filmen, kan vonleg bidra til eit trygt og godt læringsmiljø i elevgruppa.

Filmen rettar merksemda mot dei små tinga i kvardagen som kostar lite, men gjer ein stor skilnad. Vi er ofte meir merksame på våre eigne behov og tilpassingar, og misser dermed blikket for andre. Det treng ikkje å handle om uvilje, men meir om tankeløyse. Vi treng å bli minna på å løfte blikket og sjå dei rundt oss. Filmen skal bidra til refleksjon over dei små tinga vi alle kan gjere, og slik bidra til trivsel og eit inkluderande miljø, både på skulen og elles. Det er greitt å vere merksam på at elevar kan reagere ulikt når tema som inkludering og tilhøyrsløse i fellesskapet vert tatt opp. Det kan opplevast sårt for nokre. Tenk difor over dei ulike signala elevane kan sende, medvitne eller umedvitne, og ta tak i det. Syn at dei er viktige, alle som ein.

Første året filmen vert brukt, skal alle klassane arbeide med den, dei følgjande åra rår vi til at dei nye 5. klassene får høve til å arbeide med inkludering og mangfald i tilknytning til filmen. Dette kan gjerne gjerast ved starten av skuleåret og slik danne eit grunnlag for korleis ein arbeider med mangfald og inkludering vidare. Vi rår til at det vert jobba minst seks skuletimar i kvar klasse, ein kan gjerne setje av to-tre økter i løpet av eit tidsrom på ei til to veker.

Mål og fagleg forankring

Hovudmål for elevane:

- Målsetjinga med arbeidet er å utvikle haldningar som verdset og respekterer mangfaldet i samfunnet, at vi er forskjellige og likeverdige.
- Elevane skal også øve på å reflektere over korleis dei kan bidra til eit inkluderande læringsmiljø.



- Elevane skal vise forståing for ulike haldningar til mangfald og inkludering.

Tematikk:

- Inkludering og mangfald, korleis det ser ut i kvardagen der vi er ulike, men likeverdige.

Forankring i styringsdokumenta:

Arbeidet med haldningsendring knytt til inkludering og mangfald er forankra i Opplæringslova (2023) og Læreplanverket (Overordna del, LK20):

Målsetjing	Innhald	Forankring
Trygt og godt læringsmiljø	Arbeid for å skape trygge og gode skulemiljø for ungdommane	Opplæringslova (kap. 12 Skulemiljøet til elevane) Overordna del (kap. 3.1 Eit inkluderande læringsmiljø; kap. 2.5.1 Folkehelse og livsmeistring)
Haldningsutvikling	Utvikle haldningar som verdset og respekterer mangfaldet i samfunnet	Opplæringslova (§ 1-3. Formålet med opplæringa) Overordna del (kap. 1 Opplæringa sitt verdigrunnlag)
Toleranse og inkludering	Fremje toleranse for mangfald og bidra til eit inkluderande læringsmiljø	Opplæringslova (§ 12-2 Retten til eit trygt og godt skulemiljø) Overordna del (t.d. kap. 1.1 Menneskeverdet; 1.2 Identitet og kulturelt mangfald; 1.6 Demokrati og medverknad; 3.1 Eit inkluderande læringsmiljø)
Elevmedverknad	Øve på å reflektere over korleis elevane kan bidra til eit inkluderande læringsmiljø	Opplæringslova (§ 1.3. Formålet med opplæringa; § 10-2. Elevane sin rett til medverknad) Overordna del (kap. 1.6 Demokrati og medverknad; kap. 3.1 Eit inkluderande læringsmiljø)
Forståing av inkludering	Elevane skal vise forståing for haldningar til mangfald og inkludering	Opplæringslova (§ 12-2 Retten til eit trygt og godt skulemiljø) Overordna del (kap. 1.1 Menneskeverdet; 3.1 Eit inkluderande læringsmiljø)



Arbeid med førforståinga til elevane

Klassesamtale med bruk av samtalekort knytt til overordna tema:

Denne økta har eit meir overordna verdiperspektiv som kanskje kan vere noko abstrakt og vanskeleg heilt å forstå for nokre elevar av ulike årsaker. Det er difor viktig å bruke litt tid i plenum og finne ut av korleis elevane forstår og tenkjer om desse to temaa.

Om inkludering og medverknad

Omdreiingspunkta vil vere relatert til å diskutere kva betyr det å vere *inkludert*, og kva det vil seie å få *medverke*.

Om mangfald

I arbeidet med refleksjonsspørsmåla knytt til mangfald er det viktig å vere medviten korleis ein møter ulike ytringar som kan kome. Kva mangfald er i klassen, kva ytringar kan vere med på å truge integriteten til den einskilde eleven, og korleis skal du møte ytringar som ikkje kan akseptast. Det er skilnad på det å *slå ned* på kva som blir sagt, og det å *regulere og justere* ytringa på. Slår ein hardt ned på noko som blir sagt i plenum, så kan det verke mot si hensikt. Det kan bidra til å forsterke oppleving av å verte stigmatisert og krenka for elevar kan kjenne seg trefte av ei utsegn. Tenk difor grundig gjennom alternative måtar å møte eit mangfald av meiningar og ytringar på før du går i gang med opplegget.

Samtalekort	Tema
1. Kva betyr det å vere inkludert for deg?	Inkludering
2. Korleis kan du merke at du blir rekna med i gruppa?	Tilhøyrsløse/ inkludering
3. Korleis ser du at nokon ikkje føler seg verdsett og inkludert?	Utanforskap/ observasjon
4. Korleis gir du uttrykk for at du kjenner deg utanfor – om du gjer det?	Utanforskap/ refleksjon
5. Blir alle stemmene i klassen høyrte?	Medverknad/ stemme
6. Kven blir høyrte og ikkje høyrte – og kvifor er det slik, trur du?	Medverknad/ analyse



7. Korleis forstår du at alle har ein rett til å få vere seg sjølv?	Mangfald/ rettar
8. Kvifor tenkjer du at nokon opplever at ulikskapar er eit problem?	Mangfald/ utfordringar
9. Kva betyr respekt og likeverd?	Verdiar/ definisjon
10. Korleis kan ein syne at ein har respekt for andre og at ein er likeverdige i handlingane våre?	Verdiar/ handling

1. Oppstartsdiskusjon før filmen og refleksjonsspørsmål

I filmen (som dei enno ikkje har sett) så blir det sagt at 68 % meiner at mangfald gjer Vestnes rikare. Diskuter med klassen kva signal dette gir.

- Er dette eit bra tal?
- Kva kan vere litt problematisk med at det er 68 % og ikkje 100 % som opplever det slik (mange opplever at det er ein rikdom, men ikkje alle. Det er også mange som ikkje meiner det er ein rikdom) ?
- Kva meiner elevane – er mangfald ein rikdom?
- Korleis ville Vestnes vere dersom alle var heilt like?

Ein kort diskusjon rundt det å **syne ein liten gest** for å spore merksemda til elevane til innhaldet i filmen:

- Kva er det å syne ein *gest*?
- Kva gjer du for å opne tilgang for alle?
- Kva kan du gjere for å gjere kvardagen litt betre for dei som treng litt ekstra, til dømes rullestolbrukarar eller andre?



2. Arbeid med filmen «Ein liten gest»

Strukturen i arbeidet med refleksjonsspørsmåla - IGP:

Først skal elevane ha ein sjølvrefleksjon/ individuell refleksjon (I), så går dei i grupper (som lærar har delt inn på førehand) for ein grupperefleksjon (G). Der legg først ein og ein fram det dei har notert seg i sjølvrefleksjonen, så snakkar dei saman i gruppa. Til slutt er det ein plenumsdiskusjon (P) der gruppene etter tur legg fram kva dei har tenkt rundt spørsmåla, før det blir opna for felles diskusjon.

Kort om spørsmåla: Rekkefølga på spørsmåla er laga slik at ein først tar utgangspunkt i filmen, deretter spør etter elevane sine tankar. Det er nok lettare å kommentere filmen, før dei deler eigne tankar og opplevingar. Refleksjonsspørsmåla finn de i siste del av rettleiinga.

Sjå heile filmen.

Filmen inneheld 5 scener med Stian som er hovudaktøren i dei fire første, og Bjørn, kompisen, er hovudaktør i den siste.

- Stian helser og seier hei til naboen
- Stian ryddar bort ein sykkel som ligg i vegen for rullestolbrukar
- Stian inviterer med jente på fotball
- Stian hjelper ei eldre dame med handleposar
- Bjørn tek kontakt med Henrik, som er ny på ungdomsklubben

IG-arbeid: Sjå **elevsettet i siste del av rettleiinga** for framlegg til prosess og refleksjonsspørsmål.

Sjå filmen igjen

Sjå elevsettet sist i rettleiinga for framlegg til refleksjonsspørsmål.

IGP-arbeid.



Plenumsdiskusjon (30 minuttar)

Plenumsdiskusjon skal berre gjennomførast **etter at ein har arbeidd med filmen i begge refleksjonsrundane**. Sjølvrefleksjon og grupperefleksjon skal gjennomførast etter begge, då dei har ulike føremål og fokus.

Det å gjennomføre ein diskusjon i heilklasse etter å ha sett filmen og arbeidd med spørsmåla etter første framsyning, for så å ha ei ny runde etter å ha arbeidd med den for andre gong kan verke mot si hensikt. Det er viktig at plenumsdiskusjonen motiverer og gir eit utgangspunkt for å arbeide vidare med aktivitetar som byggjer på kva som har kome fram. Blir det for mykje av det same, så kan elevane misse interessa.

Alle gruppene legg etter tur fram det dei har diskutert for heile klassen, kva dei fann ut i første runde, og om noko endra seg når dei såg filmen på nytt. Når alle har lagt fram sitt, så opnar ein for diskusjon på kva som er likt og ulikt i det gruppene har vore opptekne av.

Om nokre av gruppene legg fram at dei oppdaga nye ting, eller forstod ting litt annleis når dei såg filmen for andre gong, så ta tak i det og diskuter kva som kan vere forklaringa på det. Dette kan vidare knytast korleis vi påverkar kvarandre, og let oss påverke – og at det skjer utan vi alltid er klar over det.

Spørsmål ein kan stille til klassen til slutt: Viss eit mirakel skjedde i natt og skulen var 100% inkluderande når du kom på skulen – korleis ville du merke det?



Elevaktivitetar

Under følgjer fleire måtar å jobbe vidare med mangfald og inkludering. Vi foreslår at skulen jobbar med dette i ei mangfaldsveke, og at ulike klasser vel forskjellige arbeidsmåtar som dei så viser fram for dei andre klassene på skulen.

IGP-metoden

Individuell refleksjon (sjølvrefleksjon), etterfølgt av samtale og deling i grupper, og til slutt presentasjon i plenum. Bruk gjerne denne når de går gjennom refleksjonsspørsmåla. Metoden let kvar enkelt tenkje, før deling i gruppe og plenum.

Køyrereglar

Klassen kan skrive felles køyrereglar for mangfald og inkludering i klassen.

Samtalekort

Bruk samtalekort med spørsmål knytt til omgrepa mangfald, inkludering, og verdier.

Kvar er vi på ein skala frå 0 til 100?

Denne aktiviteten kan gjerast i heile klassa eller i grupper.

Elevane står samla ein stad i rommet. Lærar forklarar at det går ei tenkt linje gjennom rommet. Den eine enden kallar vi null. Her er det ingen som bryr seg om andre, hjelper ikkje, helser ikkje – men er berre opptekne av seg sjølv og sitt. Den andre enden kallar vi 100. Her helser alle på kvarandre, er merksame på dei rundt seg, og ein er raskt til å hjelpe når nokon treng det. Alle er opptekne av at alle skal ha det bra og føle seg verdsett.

Be elevane stille seg på linja, på den staden som representerer korleis dei tenker dette er i klassa. Læraren stiller spørsmål som får dei til å tenkje seg om.

- Kva var grunnen til at du stilte deg akkurat her?
- Kva gjer at du står her og ikkje på eit lågare tal?
- Kva må skje for at du tar eitt steg nærare 100?
- Kva kan vi gjere allereie i dag for å bevege oss oppover?
- Korleis vil du merke at vi har gått frå der vi står og nærare 100?
- Kven kan hjelpe til slik at vi bevegar oss mot 100?



Verdskafé

Elevane sit i grupper rundt eit bord. Vi rår til at det er maksimalt fem elevar på kvar gruppe. Dei får eit spørsmål knytt til filmen som dei skal jobbe med i om lag 15 minutt. Dei skal først reflektere individuelt og notere tankane sine på kvar sine gule lappar. Deretter deler dei tankane med dei andre på gruppa, og klistrar eller skriv svaret på oppgåva på duken på bordet.

Førebuing

Skap eit kaféliknande lokale med små bord (5 stolar). Pynt med papirdukar (evt ark frå flip over), tusjar i fleire fargar og post-it-lappar. Vel tema som engasjerer.

Innleiing

Ansvarleg ønskjer velkommen, forklarar føremålet og rammene. Deltakarane blir oppmoda til å skrive/teikne på bordduken undervegs i samtalen.

Gjennomføring

Køyr fleire samtalerundar (minimum tre), der kvar runde varer i eit gitt tal minuttar. Deltakarane flyttar seg mellom borda.

Kafévert

Mot slutten av kvar runde (unntatt den siste), skal ein kafévert veljast. Verten blir sitjande ved bordet og skal ønskje nye velkommen og gjenfortelje kort frå førre runde.

Framdrift

For å skape framdrift, skal deltakarane formulere eit spørsmål til neste gruppe i slutten av kvar runde.

Oppsummering

Etter samtalanene inviterer arrangøren til å dele refleksjonar, innsikter og læringspunkt med storgruppa

Dialogspel

Dialogspel som metode for å fremje refleksjon om aktuelle tema. Varigheit er om lag 45 minutt.

Førebuing

- Lag eit sett med fem til ti kort med påstandar til kvar gruppe.
- Lag eit enkelt spelbrett med dei tre felta:



Skildring av metoden

Gruppene sit rundt kvart sitt bord. Legg bunken med påstandar i konvoluttar eller på borda med baksida opp. Deltakarane byter på å trekkje kort frå bunken. Det er berre den som har kortet som har lov til å snakke. Dei andre må vente på tur og har ikkje lov til å skyte inn eller avbryte.

Framgangsmåte, steg for steg

1. Første deltakar, til dømes den som har bursdag først, trekkjer eit kort frå bunken og les påstanden høgt. Den som har trekt kortet fortel deretter gruppa om han eller ho er enig, ueinig eller delvis enig, og grunngjev kvifor. Kortet blir lagt ned på *Einig*, *Delvis enig* eller *Ueinig* på spelbrettet.
2. Neste gruppemedlem tek opp det same kortet, les påstanden høgt, seier om han eller ho er enig, delvis enig eller ueinig, og grunngjev standpunktet. Påstanden blir lagt ned på spelbrettet igjen.
3. Kortet går runden rundt bordet, og deltakarane flyttar kortet etter kvart som dei presenterer argumenta sine. Slik held ein fram til alle har fått høve til å presentere synspunkta sine minst to gonger. Det er lov å melde pass dersom



ein ikkje har meir å tilføye etter første runde, og la kortet gå vidare til neste deltakar.

4. Når alle har sagt det dei ønskjer om påstanden, trekkjer neste deltakar eit nytt kort frå bunken.
5. Den som har trekt kortet kan eventuelt få ansvar for å oppsummere synspunkta i gruppa.

Rollespel

Del klassen inn i grupper og gje kvar gruppe kvar si scene frå filmen. Gruppa skal lage eit rollespel som startar likt med filmen, men med ulike scenario vidare. Døme: Det kan vere både der det går gale og utfordre klassa til å analysere kva som gjekk gale og kva som må til for at situasjonen skal gå bra. Det kan òg vere at vi får følgje dei som opplever gesten, og korleis dei har det i etterkant.

Skrive melding om hending

Skriv ei melding til læraren og rektor der eleven fortel/informerer om det hen såg og opplevde (kan ta utgangspunkt i reell situasjon eller ei episode i filmen).

Presentasjon av arbeidet med mangfald og inkludering

Dersom elevane får vite at arbeidet skal munne ut i eit konkret produkt, kan det bidra til auka motivasjon. Dette kan også vise elevane sjølve og andre kva dei har lært. Under følgjer døme på korleis ein kan presentere arbeidet. Under har vi laga presentasjonsformer som tar omsyn til at elevar har ulike interesser og sterke sider, læraren som kjenner gruppa kan tilpasse vidare til føresetnadane.

- Elevar skriv manus og spelar inn ein podcast/video der dei fortel om kva dei forstår med mangfald og kvifor det er viktig å fokusere på det i klassa. Dei kan også fortelje om kva dei kan gjere for å vere ein inkluderande fellesskap
- Elevar kan lage eit rollespel som viser inkludering i praksis, dette kan framførast og/eller bli tatt opp på film.
- Elevar kan teikne/male ein illustrasjon som viser utanforskap eller inkludering

- Ta bilete av situasjonar der de viser inkluderande handlingar

Dersom ein ønskjer å knyte arbeidet til mangfalds- og inkluderingsfokuset på kommunenivå, så kan elevane også presentere resultat frå arbeidet på eit innbyggjarmøte. Då kan elevane t.d. ha ein powerpoint-presentasjon med bilete/tekst knytt til det dei har gjort i prosjektet, dei kan framføre rollespel, lage innbyggjarquiz eller liknande.

Skulekino/filmrommet

På nettstaden til skulekinoen kan ein søke opp spelefilmar og dokumentarfilmar om temaet inkludering. Her kan ein finne filmar som høver for skulesteget. Det er utvikla filmstudieark med oppgåver til kvar film, og desse er forankra i læreplanmål.

<https://skulekino.filmrommet.no/>



Til elevane: refleksjonsspørsmål til filmen «Ein liten gest»

Sjå filmen.

Filmen inneheld 5 scener med Stian som er hovudpersonen i dei fire første, og Bjørn, kompisen, er hovudpersonen i den siste.

Sjølvreleksjon (om lag 15 minuttar)

- Stian helser og seier hei til naboen
 - Kva såg du?
 - Har dette noko betyding for naboen? Kva kan det i så fall vere?
 - Har dette noko betyding for Bjørn? Kva kan det i så fall vere?
 - Har dette noko betyding for Stian sjølv? Kva kan det i så fall vere?
- Stian ryddar bort ein sykkel som ligg i vegen for rullestolbrukar
 - Kva såg du?
 - Har dette noko betyding for rullestolbrukaren? Kva kan det i så fall vere?
 - Har dette noko betyding for Bjørn? Kva kan det i så fall vere?
 - Har dette noko betyding for Stian sjølv? Kva kan det i så fall vere?
- Stian inviterer med jente på fotball
 - Kva såg du?
 - Har dette noko betyding for jenta? Kva kan det i så fall vere?
 - Har dette noko betyding for Bjørn? Kva kan det i så fall vere?
 - Har dette noko betyding for Stian sjølv? Kva kan det i så fall vere?
- Stian hjelper ei eldre dame med handleposar
 - Kva såg du?
 - Har dette noko betyding for dama? Kva kan det i så fall vere?
 - Har dette noko betyding for Bjørn? Kva kan det i så fall vere?
 - Har dette noko betyding for Stian sjølv? Kva kan det i så fall vere?



- Bjørn tek kontakt med Henrik, som er ny på ungdomsklubben
 - Kva har skjedd frå dei førre scenene til denne? Kva kan det handle om?
 - Har dette noko betyding for Henrik? Kva kan det i så fall vere?
 - Har dette noko betyding for Stian? Kva kan det i så fall vere?
 - Har dette noko betyding for Bjørn sjølv? Kva kan det i så fall vere?

Grupperefleksjon (om lag 20 minuttar)

Fortel ein og ein kva de har tenkt om dei ulike scenene i filmen:

- Stian helser og seier hei til naboen
- Stian ryddar bort ein sykkel som ligg i vegen for rullestolbrukar
- Stian inviterer med jente på fotball
- Stian hjelper ei eldre dame med handleposar
- Bjørn tek kontakt med Henrik, som er ny på ungdomsklubben

Diskuter kva de har tenkt som er likt og kva som er ulikt. Kvifor er det slik at vi tenker likt om noko og ulikt om andre ting? Er det greitt at ein meiner ulikt om dei same tinga?

Sjå filmen igjen

Sjølvreleksjon (om lag 15 minuttar)

- Såg du og opplevde du det same no som første gong du såg filmen?
 - Kva har eventuelt endra seg?
- Trur du at du har sett og opplevd filmen likt som dei andre i klassen?
 - Kvifor/kvifor ikkje?
- Kva trur du andre kan ha vore oppteken av som ikkje du var når du såg den første gong?
- Har du gjort noko av dei tinga du ser i filmen for nokon andre? Eventuelt kva?
 - Dersom du har gjort noko liknande – kva var grunnen til det?
 - Dersom du ikkje har gjort noko liknande – kva er grunnen til det, trur du?



- Kva tenker du er mest sannsynleg at du kan komme til å gjere av slike gestar som du ser i filmen? Kvifor?
- Kva tenker du er det mest usannsynlege at du kjem til å gjere? Kvifor?
 - Kva skal til for at du likevel kan gjere det du meiner er mest problematisk?
- Korleis vert Bjørn påverka av kameraten sin, Stian?
- Kan du påverke venane dine på ein god måte?
 - Korleis?
- Kan du påverke venane dine negativt?
 - Korleis?

Grupperefleksjon (om lag 20 minuttar)

Her får de etter tur legge fram kva de har tenkt på dei ulike punkta. Så skal de diskutere litt rundt kva som de har svart likt på, og kva som er ulikt.

- Ta utgangspunkt i det som er likt: kvifor trur de at de er samde om dette?
- Ta utgangspunkt i det som er ulikt: kva kan vere forklaringa på at ein her har ulike oppfatningar og tankar?

Plenumsdiskusjon (om lag 30 minuttar)

Alle gruppene legg etter tur fram det de har diskutert for klassen, både kva de snakka om i første runde, og om de endra oppleving og forståing av filmen når de såg den på nytt. Når alle har lagt fram sitt, så skal de diskutere kva som er likt og ulikt i det gruppene har snakka om.